

Dialogiske rom for elevmedverknad

Sjølv om det er store forskjellar mellom norske klasserom, er det ei erkjenning at det i desse klasseromma er lite rom for dialog der elevane spelar ei aktiv rolle. Det vi kan kalle tradisjonell praksis er svært motstandsdyktig mot reformar og endring. Tradisjonell praksis kviler på ein tanke om at kunnskapen finst bevart i fagtradisjonar og at skulens oppgåve er å formidle, eller overføre, denne kunnskapen til nye elevar. I dette biletet er sjølv formidlinga av kunnskap ikkje problematisert; det handlar om formidlingsemna til læraren og om læringsemna til elevane.

Når ein har freista å fornye praksisen i klasserommet, har fleire av desse fornyingsforsøka peika i same retning. Ei av dei viktigaste innsiktene her er at læring er ein langsam prosess der elevane sjølv må få høve til å bearbeide fagstoffet språkleg. Det er ikkje vanskeleg å vere samd i at dette er ein betre måte å lære på enn å berre få fagstoffet formidla av ein lærar. Det er likevel krevjande å omsetje desse ideane til klasseromspraksis, noe som forskinga på feltet viser. Ned Flanders formulerte til dømes i 1967 det han kalla reglane om to tredjedelar i klasserommet: to tredjedelar av tida i klasserommet er heilklasesamtale; innanfor denne tida snakkar læraren i to tredjedelar av tida og to tredjedelar av den tida igjen er rein formidling av fagleg innhald. Desse reglane er framleis relevante skildringar av mange klasserom, der elevane i liten grad bruker stemma si og språket sitt til aktivt å tenkje seg inn i faget.

Dersom vi då tar på alvor at læring er ein tolkingsprosess og at ein tenkjer gjennom språkleg deltaking i faget, så verkar det meningsfylt å utvide rommet for dialogisk deltaking. Det kan styrke vilkåra for læring, det kan aktivere eleven og det kan styrke mulegheitene for elevmedverknad i det som skjer på skulen. Men det handlar ikkje berre om å gje ordet fritt heilt utan vilkår, heller ikkje om å slutte å formidle fag. Snarare kan det å invitere til fagleg dialog vere eit steg på vegen mot å utvide det litt trange rommet for dialog, litt etter litt. Det handlar altså om å etablere klasserommet som ein plass der eleane har noe å seie og har lyst til å seie det. Arbeid med gjenstridige problem, som vi har snakka om i den førre økta, kan vere eit mål i seg sjølv, men det er også eit middel nettopp til å engasjere elevane i faglege samtalar.

Dialogiske rom - 'grublerommet'

Ein måte å lage rom for dialog er å setje av tid til det, altså å lage aktivitetar der samtalen eit stykke på veg er eit mål i seg sjølv. Vi kjenner både par- og gruppearbeid som vanlege aktivitetar i skulen, men dette er aktivitetar som kan begrunnast på nye måtar. I elevstyrte gruppesamtalar kan terskelen vere lågare til å snakke for mange elevar, og i løpet av ein gruppesamtale på 5-10 minutt kan kvar av elevane få høve til å seie meir enn dei får høve til i ei heil veke med ordinær undervising.

De har no saman med kollegaar deltatt i slike gruppesamtalar om tekstar, der instruksjonen med hensikt har vore open. Dette kan vere ein viktig plass å byrje dersom målet er å legge til rette for tilsvarande utforskande samtalar i elevgrupper. Vår erfaring med slike samtalar er at elevar i stor grad reagerer veldig positivt på denne arbeidsmåten; dei set pris på høvet til å diskutere fritt i møte med tekstar, og samtalane blir typisk prega av høgt engasjement, kreativitet og fagleg substans.

Grublerommet som fast aktivitet kvar veke

Vi anbefalar at de etablerer slike tekstsamtalar i grupper som ein fast aktivitet kvar veke. Då vi gjennomførte dette opplegget på mellomtrinnet, kalla vi aktiviteten for 'grublerommet.' Det viktigaste er ikkje kva vi kallar det, men at aktiviteten blir ein del av kvardagen, kvar veke, som etterkvart kan utvidast til oppfølging i heilklasse, og til og med i skriftlege arbeid og andre øvingar. I utgangspunktet føregår dette arbeidet litt i utkanten av det vi veit er ein travel kvardag, og vil ikkje forstyrre eller oppta verdifull undervisingstid. Vi håper og trur de vil hauste erfaringar i det små, som de kan fortsetje å utvikle som ein del av dykkar eigen undervisningspraksis. Nærmare instruks følgjer som oppgåve til neste gong. Før de ser på den, er det fint å lufte noen forventningar i fellesskap.